



MØTEPROTOKOLL

| | |
|---------------|---------------------------------|
| Utval: | Kontrollutvalet |
| Stad: | Herøy Rådhus, Kommunestyresalen |
| Dato: | 21.10.2020 |
| Tid: | 13.00 – 15.55 |

Medlemer som møtte:

| | | |
|----------------------|--------|--|
| Idar Kjell Tarberg | Leiar | |
| Leiv Magnar Aarflot | Medlem | |
| Ann Elin Myklebust | Medlem | |
| Kristin Helsem Sævik | Medlem | |
| | | |

Forfall:

| | | |
|------------|-----------|--|
| Jan Nilsen | Nestleiar | |
| | | |
| | | |

Varamedlemer som møtte:

| | | |
|--------------|------|---|
| Gerhard Furø | Vara | . |
| | | |
| | | |

Frå Vest kontroll møte:

| | | |
|------------------|------------------------------|--|
| Jostein Støylen | Dagleg leiar i Vest kontroll | |
| Karoline Sighaug | Rådgjevar | |

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS) møte:

| | | |
|---------------|----------------------------|--|
| Bodill Skeide | Dagleg leiar/revisjonssjef | |
| | | |

Frå Herøy kommune møte:

| | | |
|--------------------|-------------------------|----------|
| Trond Arne Aglen | Kommunedirektør | |
| Anne Sørøy Voldnes | Hovudverneombodet | I sak 52 |
| Bjørn Martin Aasen | Kst. Smittevernoverlege | I sak 48 |
| | | |

Idar Kjell Tarberg
LeiarAnn Elin Myklebust
Medlem



SAKLISTE

- SAK 44/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT
MØTEPROTOKOLL
- SAK 45/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 46/20 MELDINGAR
- SAK 47/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 48/20 ORIENTERING FRÅ SMITTEVERNOVERLEGE –
SMITTEVERN/KORONASITUASJONEN I HERØY KOMMUNE
- SAK 49/20 REVISJONSPLANLEGGING 2020 - FINANSIELL REVISJON
- SAK 50/20 ENGASJEMENTSBREV FRÅ REVISJONEN
- SAK 51/20 BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET 2021
- SAK 52/20 ORIENTERING FRÅ HOVUDVERNEOMBODET
- SAK 53/20 ORIENTERING FRÅ KOMMUNEDIREKTØREN – INTERNHUSLEIGE



| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 44/20 | 033 | 13.10.2020 | 21.10.2020 | KS |

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Sak 48 vert tatt etter sak 44.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Ann Elin Myklebust.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 45/20 | 049 | 13.10.2020 | 21.10.2020 | KS |

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 21.09.2020.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 21.09.2020.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 46/20 | 033&17 | 13.10.2020 | 21.10.2020 | KS/JS |

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

1. Frå nettavisa kommunalrapport, av 07.09.2020 «Ikke nødvendig å erstatte hele kontrollutvalget selv om lederen får fritak».
2. Frå bladet Kommunerevisoren. «Kontrollvettreglene».

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 47/20 | 033&58 | 13.10.2020 | 21.10.2020 | KS |

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet ber om å få oppgitt årsaka til at kommunedirektøren si innstilling i sak 36/20 vart vedteken fjerna frå protokollen.
2. Kontrollutvalet har elles, på noverande tidspunkt, ingen merknader til gjennomgådde møteprotokollar.

I møtet

Det var stilt spørsmål til protokollen til Råd for menneske med nedsett funksjonsevne sitt møte den 18.09.2020 der flg. går fram:



36/20 Godkjenning av protokoll Vedtak: Protokollen vart godkjend med merknad om å fjerne kommunedirektøren si innstilling til vårt vedtak i sak om Ungdata 2020.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Herøy kommune si heimeside -

<https://innsyn.heroy.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

Møteprotokollar til gjennomgang (feit skrift):

| | | | |
|--|-------|--------------|--------------|
| Arbeidsmiljøutvalet: | 31.08 | | |
| Eldrerådet: | 17.08 | 21.09 | |
| Formannskapet: | 01.09 | 14.09 | 29.09 |
| Klageutvalet: | 10.06 | | |
| Kommunestyret: | 27.08 | 24.09 | |
| Kontrollutvalet: | | | |
| Maritim og teknisk utval: | 07.09 | | |
| Oppvekstutvalet: | 25.05 | 10.09 | |
| Plan og byggeutval: | 16.04 | | |
| Råd for msk med nedsett funksjonsevne: | 24.08 | 18.09 | |
| Ungdomsrådet: | 26.08 | 30.09 | |
| Utval for helse og omsorg: | 09.09 | | |
| Utval for næring, kultur og idrett: | 25.08 | | |
| Utval for vilt, fiske og friluft: | 20.08 | | |
| Valutvalet: | 28.08 | 24.09 | |

SSR IKS Styret

SSR IKS Representantskap

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 48/20 | 030&18 | 13.10.2020 | 21.10.2020 | KS |

ORIENTERING FRÅ SMITTEVERNOVERLEGE – SMITTEVERN/KORONASITUASJONEN I HERØY KOMMUNE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa frå Kst. smittevernoverlege Bjørn Martin Aasen til vitende.

I møtet

Kst. smittevernoverlege Bjørn Martin Aasen ga ei utfyllande orientering og svara på spørsmål stilt i kontrollutvalsmøtet.

- Pr. 20.10.2020 har det vert testa ca. 20% av befolkninga i Herøy kommune.
- Det er ikkje avdekkja ukontrollert smitte i kommunen endå.
- Lav smitterisiko i kommunen.
- Koronapandamien vil prege økonomien i heile 2021 og sannsynlegvis utover det.
- Lokaletiltak heimla i smittevern lova.
- Kapasiteten i dag går ikkje utover andre helsetenester, det kan endrast ved auke i smitte



Kst. smittevernoverlege Bjørn Martin Aasen sender over PowerPoint til sekretariatet, som då vil legge den ut som vedlegg til saka på heimesida.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysningar

Kst. Smittevernoverlege Bjørn Martin Aasen er kalla inn får å orientere om smittevern og koronasituasjonen i Herøy kommune, samt svare på spørsmål.

| Saknr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|---------|-----------|------------|------------|----------------|
| 49/20 | 216 | 14.10.2020 | 21.10.2020 | KS/JS |

REVISJONSPLANLEGGING 2020 – FINANSIELL REVISJON

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek til vitende «Revisjonsplanlegging 2020 – finansiell revisjon», for Herøy Kommune, utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon.

I møtet

Det vert reist spørsmål om å stenge møtet ved revisor sin gjennomgang av planleggingsdokumentet.

Sekretariatet og revisor gjorde greie for grunnlaget for at møtet burde stengast. Ein gjennomgang i ope møte vil føre til at dei organ som skal kontrollerast vil få innsyn og kunne påvirke muligheita for forsvarleg kontroll.

Både debatten og avstemminga om lukking av møtet vart gjort i ope møte.

Kontrollutvalet vedtok å stenge møtet md heimel i Kommunelova § 11-5 3.lekk b). Jf. Offl. §24. 1. lekk

Dagleg leiar/revisjonssjef Bodill Skeide orienterte frå planleggingsdokumentet, som vart delt ut og samla inn igjen. Ho svara og på spørsmåla som kom opp.

Etter orienteringa frå revisor vart møtet opna igjen.

Vedlegg

1. Revisjonsplanlegging - finansiell revisjon.

Unnateke off. innsyn, jfr. offl. § 24.1, 13.1 jf. fvl. § 13 nr 2.) Blir delt ut i møtet.

Saksopplysningar

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon ved oppdragsansvarleg revisor Bodill Skeide, har utarbeida eit planleggingsdokument for revisjonsarbeidet – finansiell revisjon for 2020, for å sikre ein forsvarleg revisjon. Dokumentet er i samsvar med regelverket.

Planleggingsdokumentet består av flg. informasjon: **(unnateke off. innsyn)**:

- Oppdragas vurdering
- Selskapsinformasjon
- Risikovurdering
- Vesentlegheitsgrense
- Bemanning
- Statusoversikt og kontroll



Bodill Skeide blir til stades i møtet. I den grad det er ønskeleg vil ho gå gjennom dokumentet og svare på spørsmål. Møtet vert i så fall lukka.

| Saknr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|---------|-----------|------------|------------|----------------|
| 50/20 | 216 | 13.10.2020 | 21.10.2020 | JS |

ENGASJEMENTSBREV FRÅ REVISJONEN

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek til vitende Engasjementsbrevet frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS for Herøy kommune, datert 15.09.2020.

I møtet

Dagleg leiar/revisjonssjef Bodill Skeide orienterte og svarta på spørsmål.

Vedlegg

1. Engasjementsbrevet frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon for Herøy kommune datert 15.09.2020.
2. Forskrift om kontrollutvalg og revisjon.

Saksopplysningar

Ny kommunelov fører til endringar i føresegnene om revisor sine oppgåver frå og med rekneskapsåret 2020. Ein viser her til kapittel 24 særleg om:

- Budsjettpremissar - Kommuneloven (KL) §§ 24-5, 3 ledd, 24-6, 3. ledd og § 24-8, 2. ledd bokstav e samt siste ledd
- Skriftlege påpekningar fra regnskapsrevisor - kommuneloven § 24-7
- Eierskapskontroll - KL § 24-2 Revisors ansvar og myndighet
- Konsolidert årsregnskap – KL § 14-6

Hensikta med engasjementsbrev er å teikne ned vilkåra for oppdraget og kommunisere dette med oppdragsgivar, noko som skal sikre ei felles forståing for arbeidsoppgåver og ansvar mellom revidert part og revisor.

Adressat for styring og kontroll er delt på ein nokon annan måte i kommunal sektor enn i private verksemdar. Kommunestyret er kommunen sitt høgaste organ, jf. KL § 5-3.

Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval som skal føre løpande kontroll på kommunestyret sine vegne, jf. KL § 23-1. Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret stå føre den løpande kontroll med den kommunale forvaltning, jf. KL § 23-2. På dette grunnlag har kontrollutvalet eit påsjå-ansvar overfor revisjonen. Jf. også Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3 c. Engasjementsbrevet for revisjon av kommunen skal sendast til kontrollutvalet, med kopi til kommunen. Det same gjeld for kommunale foreta, då med likelydande brev til kontrollutvalet og styret i foretaket.

Med mindre det skjer endringar den reviderte eininga eller i revisjonen, er det nok å utarbeide engasjementsbrev ved byrjinga av kvar valperiode.

Vi viser til vedlagde engasjementsbrev for Herøy kommune frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS. Den er i samsvar med retningslinene som Norges Kommunerevisorforbund tilrår til bruk.

Vi viser elles til sjølvde engasjementsbrevet som omhandlar dette:

1. Innleiing
2. Revisjonen – formål og innhald



3. Innsynsrett og teieplikt
4. Rapportering og dialog
5. Personvern
6. Andre tenester

Revisor vil vere til stades i kontrollutvalet sitt møte og kan gi forklaringar og utfyllande opplysningar.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 51/20 | 151 | 15.10.2020 | 21.10.2020 | JS |

BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET 2021

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet sitt framlegg til eige budsjett for 2021 må ha ei ramme på kr 118.500.
2. Kontrollutvalet tek til vitende budsjetta for Vest kontroll og Søre Sunnmøre kommunerevisjon for 2021, då vedtaksmynde for budsjettet ligg til representantskapa i selskapa.
3. Kontrollutvalet tek til vitende at den samla ramma for kontrollarbeidet i 2021 blir på om lag kr 1.028.500.

I møtet

Dagleg leiar i Vest kontroll Jostein Støylen orienterer og svara på spørsmål.

Brev frå kommunal- og moderniseringsdepartementet av 15.10.2020 til Forum for Kontroll og Tilsyn.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysningar

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2:

«Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven §14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.»

Utdrag frå KOSTRA rettleiaren som skal gå fram på funksjon 110:

«Utgifter og inntekter knyttet til kommunens kontrollutvalg etter kommuneloven kapittel 23 og revisjon etter kommuneloven kapittel 24. Herunder møtegodtgjørelser og andre utgifter knyttet til møteavvikling i kontrollutvalget, utgifter knyttet til kontrollutvalgssekretariatet, og utgifter knyttet til regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.»

| Kontrollutvalet | | Adm. | Sekr. | Adm. |
|-----------------|-------------------------------------|--------|--------|-------|
| | | 2021 | 2021 | 2020 |
| | Møtegodtgjersle og leiargodtgjersle | 19.500 | 40.000 | 7.832 |
| | Tapt arbeidsforteneste | | 10.000 | |
| | Arbeidsgivaravgift, sone 2a 10,6 % | 2.700 | 5.000 | 1.109 |
| | Kontormateriell | 0 | 0 | 4.120 |



| | | | |
|--|---------------|----------------|---------------|
| Abonnement aviser og tidsskrift | 1.500 | 1.500 | 3.200 |
| Faglitteratur | 2.000 | 2.000 | 3.200 |
| Servering på møter, kurs, representasjon | 3.200 | 3.000 | 3.200 |
| Kursugifter | 21.000 | 40.000 | 21.800 |
| Reiseutgifter oppgavepliktig | 3.000 | 3.000 | 3.200 |
| Reiseutgifter, ikkje oppgavepliktig | 2.500 | 7.000 | 2.670 |
| Lisensar | | | 0 |
| Kontingentar medlemskap FKT | 7.000 | 7.000 | |
| Moms-utgift drift med kompensasjon | 6.694 | 7.000 | 6.697 |
| Kompensasjon for meirverdiavgift | -6.694 | -7.000 | -6.697 |
| Sum | 62.400 | 118.500 | 50.331 |

Kontrollutvalet tilrår eige budsjett som vert vedteke av kommunestyret.

Det er i 2020 budsjettet ikkje løyvd det kontrollutvalet ba om til opplæring. Resten av budsjettet er sett opp av kommuneadministrasjonen, og er ikkje realistisk med mindre deler av møtegodtgjersle, leiargodtgjersle og evt. tapt arbeidsforteneste kjem fram andre stader i kommunen sitt budsjett.

Kommuneadministrasjonen har sett oppbudsjettforslag for 2021. I forslaget som vi no legg fram er det berekna 7 møte, utan at det er noko tak.

Møteaktivitet må vere etter behov. Skulle kommunestyret redusere til kommuneadministrasjonen sitt forslag, må aktiviteten avgrensast vesentleg i talet på møte ut frå vedtekne satsar for leiar og møtegodtgjersle.

Sekretariatet

| | 2021 | 2020 |
|--|----------------|---------|
| Vest kontroll Kommunalt oppgåvefelleskap | 390.000 | 423.000 |

Styret tilrår budsjettet som vert vedteke av representantskapet. Det er då ein årleg bindande fastpris.

Revisjonen

| | 2021 | 2020 |
|-----------------------------------|----------------|---------|
| Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS | 520.000 | 525.000 |

Styret tilrår budsjettet som vert vedteke av representantskapet.

Budsjettet vert utrekna etter brukt tid for dei siste fem åra og betalinga skjer etter timeforbruk, med pris fastsett av representantskapet. Budsjettert beløp vil aldri stemme med reelt forbruk, men gi meir ei oversikt, der det reelle kan verte både meir og mindre enn det oppsett budsjett. I summen inngår rekneskapsrevisjon, etterlevelserevisjon, attestasjonar, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll, tippemiddelrekneskap, oppmøte i kontrollutval og kommunestyre samt mindre konsulentoppdrag. Dvs. samla utbetaling til revisjonen for det aktuelle år. I denne samanheng kan nemnast at rekneskapen for 2019 viser kr 559.305 og for 2018 kr 579.340.

Totalt budsjett for kontrollarbeidet

| | 2021 | 2020 |
|-------|------------------|---------|
| Samla | 1.028.500 | 998.331 |

Opplæring

Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv mellom anna dette i Kontrollutvalsboka (2016):

«Det er avgjerande for godt kontrollarbeid at kontrollutvalsmedlemer blir sette i stand til å utøve vervet sitt på ein god måte: Kommunestyret bør sørge for at det er tilstrekkeleg budsjett til at kontrollutvalsmedlemmene kan delta på kurs og konferanser.»



«Kommunestyret er ansvarleg for at kontrollutvalsmedlemmene og varamedlemene får tilstrekkeleg opplæring i sine kontroll- og tilsynsoppgåver.»

«Kontrollutvalet bør sørge for at medlemmene (både faste og vara) får tilstrekkeleg opplæring. Det vil vere nyttig at utvalet held seg orientert om arrangement i regi av bransjeorganisasjonar og foreningar, og sjølv tek initiativ til kurs medlemmene har trong for»

I tillegg til den grunnleggjande opplæringa er det viktig at kontrollutvalet held seg oppdaterte.

Dette er ein kontinuerlig prosess som det må løyvast midlar til.

For å gi kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille naudsynte ressursar til disposisjon. (Kontrollutvalsboka 2016:16) Difor må kontrollutvalet ha sitt eige budsjett som mellom anna skal dekkje opplæring, kurs/konferansar, litteratur m.m.

Budsjettframlegget til kontrollutvalet kan berre endrast av kommunestyret.

«Grunnen til at budsjettet til kontrollutvalet er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller eit organ som kontrollutvalet skal kontrollere og ha tilsyn med, til dømes formannskapet eller administrasjonsutvalet, får innverknad på budsjetttramma til tilsynsorganet.» (Kontrollutvalsboka 2016:16)

Saksgang

Budsjettframlegget til kontrollutvalet skal **uendra** følgje det samla budsjettframlegget til kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjetthandsaminga har informasjon om kontrollordninga sitt budsjett.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 52/20 | 033 | 13.10.2020 | 21.10.2020 | KS/JS |

ORIENTERING FRÅ HOVUDVERNEOMBODET

Samrøystes innstilling

Kontrollutvalet tek orienteringa frå hovudverneombodet til vitende.

I møtet

Hovudverneombod i Herøy kommune v/ Anne Sørøy Voldnes ga ei utfyllande orientering og svara på spørsmål frå kontrollutvalet. Flg. kan nemnast for hovudverneombodet:

- Frikjøpt 50
- Koordinering av verneombodstenesta
- Går inn i enkelte personalsaker
- Er med i arbeidsgrupper for eksempel psykiatri
- Har møter med ulike grupper for eksempel brannvern
- Deltek i 40 kurset for verneombod, der også nyvalde verneombod deltek
- Medlem av IA utvalet
- Deltek i AMU
- Er med i justjerna sitt verneombodsamarbeid
- Presiserer at Verneombod og tillitsvalt er ulike personar

Kommunedirektøren, som og var til stades i saka tok fram viktigheita av verneombodstenesta.

Ein var også inn på kommunen sitt avvikssystem, der kommunedirektøren har sett i gang omfattande opplæring, slik at alle skal ha høve å bruke dette.

**Saksopplysning**

Hovudverneombod i Herøy kommune v/ Anne Sørøy Voldnes vert kalla inn for å gi ei orientering, samt svare på spørsmål.

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|----------|-----------|------------|------------|----------------|
| 53/20 | 033 | 13.10.2020 | 21.10.2020 | KS/JS |

ORIENTERING FRÅ KOMMUNEDIREKTØREN – INTERNHUSLEIGE**Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunedirektør Trond Arne Aglen til vitende, og ber han få klargjort kva kommunestyret meinte med sitt vedtak om intern husleige i sak 87/18.

I møtet

Kommunedirektør Trond Arne Aglen ga ei utfyllande orientering og svara på spørsmål. Han var noko usikker på kva kommunestyret eigentleg meinte med sitt vedtak om å innføre internhusleige i rekneskapet for 2020.

Vedlegg

E-post, av 13.10.2020. «Arbeidet med budsjettet 2021».

Saksopplysning

Kommunedirektør Trond Arne Aglen er kalla inn for å gi ei orientering, samt svare på spørsmål.

Møtet slutt.

Møteprotokollen går til: Kommunestyret som melding.
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.
Rådmann til orientering.
Ordførar til orientering.
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.